

Prosjektskisse Master Class Hardanger

Prosjektet Hardingfela.no ei brei satsing som går ut på å styrkja og vidareføra tradisjonane knytt til hardingfela. Eit grundig førearbeid gjennom fleire år har initiert eit samarbeid mellom Ole Bull akademiet og Hardanger og Voss museum. Lokale spelemannslag, kulturskular m.m. er viktige i satsinga, og i haust vart det tilsett ein eigen prosjektkoordinator for hardingfela.no

Hovudmålet med prosjektet er å gje hardingfelemiljøet gode vekstvilkår, auke interessa og forståinga for hardingfela og folkemusikken lokalt, regionalt og nasjonalt, samt bringe hardingfela ut i verda til eit stort publikum. Ein ynskjer mellom anna å sikra at tradisjonar og handlingsboren kunnskap kring instrumentbygging og musikk vert dokumentert og vidareført.

Den tyngste satsinga som ligg under prosjektet hardingfela.no er Master Class Hardanger (MCH). MCH har vore tredelt til no og inneheld ein talentskule for unge hardingfelespelarar frå heile Hordaland, eit unikt undervisningsopplegg for vaksne hardingfelespelarar frå heile Noreg samt eit tilbod til utanlandske hardingfelespelarar. Sentralt i undervisninga er meisterspelemannen Knut Hamre frå Granvin i Hardanger, men ein har også knytt til seg andre dyktige hardingfelespelarar frå ulike distrikt i Noreg.

Attåt dei tre Master Class Hardangersatsingane på hardingfele ynskjer me frå våren 2017 å utvide med Master Class Vokal med Berit Opheim som lærar.

Bakgrunn

Hardingfela har namnet sitt frå Hardanger. Det er eit unikt instrument, utvikla gjennom mange hundre år. I denne prosessen står Hardanger heilt sentralt. Instrumentet har lange og sterke tradisjonar knytt til slåttemusikk, dans, konsert/kunstmusikk, rituelle samanhenger og instrumentmaking. Gjennom nasjonalromantikken og nasjonsbygginga fekk hardingfela status som nasjonalinstrument. I dag finn ein hardingfelespelarar langt utanfor dei tidlegare kjerneområda, både i Noreg og utanlands, og fela vert nytta i nye så vel som tradisjonelle musikalske samanhenger.

Noreg har eit særskilt ansvar for å ta vare på hardingfela og tradisjonane knytt til dette instrumentet, ikkje minst gjennom dei ratifiserte UNESCO konvensjonane om vern av materiell og immateriell kulturarv. Konvensjonen om immateriell kulturarv legg vekt på at det er miljøa sjølv som skal forvalta denne arven. Det vil seia at kunnskapen om instrumentet, tradisjonane og musikken må ivaretakast, utviklast og formidlast også frå Hardanger, kanskje det viktigaste område for hardingfeletradisjonane.

Interessa for hardingfela er veksande. I Hardanger merkar me resultat av systematisk opplæring gjennom spelemannslag og kulturskule, og har mange gode hardingfelespelarar som gjer seg gjeldande både nasjonalt og internasjonalt. Men miljøa er i endring, og det er naudsynt at det arbeidast med å utvikla, forvalta og formidla den immaterielle kulturarven kring hardingfela. Hardingfelemiljøa i Hardanger meiner at tida er inne for å lyfta fram denne levande tradisjonen.

Møte med meisteren

Spelemann Knut Hamre frå Granvin er det pedagogiske midtpunktet i opplegget. Han er ein av dei fremste spelemennene i landet, og ingen har vunne landskappleiken fleire gonger enn han. Hamre held stadig konsertar, og har gjeve ut mange cd-ar. Men til dagleg er han først og fremst pedagog. - *Å læra spelet vidare til nye generasjonar er det viktigaste eg driv med. Men ofte kan kulturskuletimane kjennast for korte. I master class-programmet får me betre tid til å fordjupa oss i musikken. Det vert litt meir som på gamlemåten, då unge og gamle spelemenn sat i spelstovene og lærte av kvarandre,* fortel Knut Hamre.

Dei fire ulike tilboda

1. Master Class Hardanger – Talentskulen

I kulturskulane i Hardanger er rekrutteringa er god, og MCH ynskjer å stimulera til at nokon verkeleg satsar på hardingfela. Timane i kulturskulen og saman med spelemannslag ligg i botnen, og så kjem talentskulen som ein ekstra kveik både musikalsk og sosialt for dei som allereie syner stor interesse for spelinga. Hausten 2015 var fyrste sesongen for talentskulen. Sju ungdomar frå Hardanger fekk plass, og desse har fellesundervisning ein gong i månaden, samt at dei var med på samlingane til den nasjonale Master Classen. Dei får også syne seg fram på konsertar under Hardanger Musikkfest og på Fløyenfolk i Bergen.

Frå hausten 2016 ynskjer MCH å utvida til å ta inn talent frå andre hardingfelemiljø i Hordaland som t.d. Voss, Bergen og Osterøy. Totalantalet kjem til å liggje på kring 10 elevar. Søknadsfristen for hausten 2016 er 1.juni.

2. Master Class Hardanger – Nasjonal

Master Class Hardanger starta i 2013 med utøvarar frå Hordaland. Det vart ein stor suksess, og i 2014 kunne utøvarar frå heile landet søkje. Kriteria for å vera med er at ein er hardingfelespelar på 16 år eller meir. Utveljing av deltakarar skjer etter at dei har sendt inn slåttar på lydspor. Inntil ti heldige utvalde får tilbod om ti individuelle enkelttimar med hovudlærer Knut Hamre, i tillegg til deltaking på to inspirerende helgesamlingar. Her er det konsertar, føredrag og workshops med kapasitetar som Ottar Kaasa (Telemark), Kjellbjørn Karsrud (Valdres) Åse Teigland (Hardanger), Frank Rolland (Hardanger) og Knut Buen (Telemark). Søknadsfristen for hausten 2016 er 1.mai.

3. Master Class Hardanger - International

MCH-International er eit svar på den veksande internasjonale interessa for hardingfela. Japan Hardanger Club har til dømes dei siste åra sendt japanske hardingfeleutøvarar til Hardanger. Desse får til vanleg undervisning i Tokyo av Rio Yamase, og vert valt ut etter ei opptaksprøve. MCH-International består av 6 dagar med gruppeleksjonar, enkeltundervisning, ekskursjonar og konsertar. Undervisning og innlosjering er i Bygdatunet i Granvin, Ole Bull Akademiet på Voss og Jaunssen Gjestgjevarstad, men sentralt i prosjektet er også å ta i bruk heile regionen gjennom ekskursjonar og konsertar.

Fyrste Master Class Hardanger International var i september 2015. Dei 6 elevane var profesjonelle utøvarar frå USA, Japan, Shetland og England. Dei fekk eit djupdykk i norsk folkemusikk og folkedans på Ole Bull Akademiet, gruppeundervisning med

Knut Hamre og Frank Rolland, besøk hjå hardingfelespelaren Ingeleiv Kvammen i Granvin, konsertar på Utne m.m. Tilbakemeldingane frå deltakarane var strålande, og eit par av dei sa at det var den beste musikalske opplevinga dei nokon gong har hatt så dette er ein fantastisk måte å spreie norsk folkemusikk på. Mediainteressa var stor med m.a. fleire innslag på NRK-TV og god dekning i aviser.

Søknadsfristen for Master Class Hardanger International hausten 2016 er 1.april, og hovudlærarane vert Leif Rygg og Frank Rolland.

4. Master Class Hardanger Vokal

I samarbeid med Hardanger Spelemannslag har Hardingfela.no starta kvedarkurs i Granvin, og interessa er særstør (20 deltakarar). Undervisningstilbodet innan folkesong i Hordaland har stått svakt i fleire år. Samstundes har me ein av dei viktigaste kjeldene og flinkaste pedagogane innan folkesong her i området; Berit Opheim. Det er veldig mange som ynskjer å få læra av ho, og på denne måten får me teke vare på noko av materialet frå Hardanger og Voss som ho sit inne med.

Master Class Hardanger Vokal kjem til å verta lagt opp på same vis som Master Class Hardanger Nasjonal, men med 5 elevar som kvar får 10 ein-skildtimar samt ei helgesamling. Søkjarar over 16 år frå heile landet kan søkje. Fristen kjem til å verta i november 2016 for undervisninga våren 2017.